



Arkivnr: 2016/990-4  
Saksbehandlar: Gerd Kjersti Ytre-Arne

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		28.04.2016
Fylkesutvalet		19.05.2016

## Søknad om støtte til prosjektstilling for å fremje nynorsk i språkopplæringa

### Samandrag

Bergen Mållag v/ Nils Mæhle har søkt om kr 100 000,- til ei eittårig prosjektstilling for å fremje nynorsk frå barnehage til høgare utdanning. Prosjektstillinga går inn i eit samarbeidsprosjekt mellom Bergen Mållag, Hordaland Mållag og Noregs Mållag, som alle har sett av midlar til stillinga. I tillegg til søknaden til Hordaland fylkeskommune har det også blitt sendt søknad om støtte til Bergen kommune. Fylkesrådmannen stiller seg positiv til søknaden og føreslår at fylkeskommunen løyver 100 000,- til oppretting av prosjektstillinga som eit bidrag til fylkeskommunen sitt arbeid med å styrke nynorsk som fag i vidaregåande opplæring.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet støttar fylkesrådmannen sitt forslag om å løyve 100 000,- til Bergen Mållag for å opprette ei eittårig prosjektstilling. Løyvinga vert dekt over tilleggsløyvingskontoen til fylkesutvalet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen 19.02.2016.**

Bergen Mållag v/ Nils Mæhle har søkt om kr 100 000,- til ei eittårig prosjektstilling for å fremje nynorsk frå barnehage til høgare utdanning. Prosjektstillinga er eit samarbeidsprosjekt mellom Bergen Mållag, Hordaland Mållag og Noregs Mållag, som alle har sett av midlar til stillinga. I tillegg til søknaden til Hordaland fylkeskommune har det også blitt sendt søknad om støtte til Bergen kommune.

I søknaden frå Bergen Mållag står det at det for vidaregåande opplæring vil vere mest aktuelt å sjå nærare på problematikken omkring målbyte mellom ungdomsskule og vidaregåande opplæring. Dette er ei svært aktuell problemstilling, og fylkesrådmannen har i fleire samanhengar, mellom anna i sak til Utval for opplæring og helse 7/2016 (arkivnummer 2015/12481) om sidemålsforsøk i vidaregåande opplæring, sett søkelys på denne problemstillinga. Denne saka omhandla den såkalla «Odda-modellen», der det viser seg at elevar som har gått i språkdelt klassar i grunnskulen, oftare vel nynorsk også i vidaregåande opplæring. I saka går det fram at fylkesrådmannen ønskjer meir forskning for å finne ut kva mekanismar som gjer at elevane vel bort nynorsk som hovudmål, og kva som skil desse elevane frå dei som held fram med nynorsk som hovudmål i vidaregåande opplæring. Ei slik prosjektstilling vil støtte opp om fylkeskommunen sitt mål om å bidra til å utvikle ein nynorskdidaktikk som gir trygge nynorskbrukarar.

Denne saka vart lagt fram for Utval for opplæring og helse til vedtak 10.03.2016. Ved ei misforståing var framlegg til vedtak - og det endelege vedtaket – ikkje i samsvar med det formelle myndet som utvalet har. Det korrekte hadde vore å innstille til fylkesutvalet om dekning frå tilleggsøyvingskontoen til fylkesutvalet, for så å overlata til fylkesutvalet å gjere endeleg vedtak.